

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Skagen kraftverk - søknad om avvik frå manøvreringsregelement.

I perioden 26. desember 2024 til 15 april 2025 er det planlagt stopp av Skagen kraftstasjon med bakgrunn i eit større vedlikehaldsprosjekt i vassvegen. Grunnlaget for prosjektet er pålegg frå NVE i forbindelse med revurdering av vassvegen.

I skjønn som gjelder skade på fiske etc., hjemlet 26. april 1978 under kapittel III «Skjønnsforutsetninger» punkt 2 står følgende: *Med hensyn til avlastninger legges til grunn at Fortun kraftverk vil bli kjørt med minst 30 MW belastning, slik at avløpet fra kraftverket til enhver tid vil være minst 3,75 m³/sek.*

Forutsetninga for pålagt minstevassføring nedstrøms Skagen er at avlastninger ikkje skal forårsake vassføring under 3,75 m³/s nedstrøms avløp og såleis føre til tørrlegging og fiskedød. Det er ingen andre pålagte minstevassføringskrav for Fortun-Granfasta anlegga. Når Skagen kraftstasjon blir stoppa over lenger tid er Hydro Energi av den oppfatning at denne bestemmelse ikkje gjelder siden vassføring i oppgitt tidsrom vil være stabilt og kun naturlege svingningar kan påvirke vassføring.

Hydro Energi er opptatt av økologi og bærekraft og har derfor forståelse for at vassdraget må tilføres noko vatn i perioden. For å komme fram til ein vassføring tilpassa uregulert elv er det henta fram vassføringsdata frå 1919-1956. Som vedlegg viser er det ein del variasjon i vassføring frå månad til månad og år til år. Med bakgrunn i desse vassføringsdata har Hydro Energi komme fram til at 1,75 m³/s er ein passende minstevassføring nedstrøms Skagen. Resttilsig nedstrøms bekkinntak og magasin er berekna til 0,4 m³/s ved Drægne bru. Naturlege kortvarige svingingar vil i periodar auke vassføringa.

Tilsig ovanfor målestasjon ved Drægne bru.

I Bergselvi vil vassføring i perioden være som i uregulert tilstand sidan alle bekkinntak vil bli opna og gå til sine naturleg løp. Dette vil ikkje påvirke isforholda i elveleiet.

Oppstrøms Skagen mot og i Nørstedalsområdet er det kun resttilsig som sørger for vatn i elveløpa. Elvane er normalt frosne og dekkja av snø vinterstid.

Slipp av minstevassføring i perioden vil, avhengig av mengde, forgå frå Nørstedalen, henholdsvis Fivelmyr, Vetledalen (Nedre Grønevatn) eller Midtdalen (Medalsvatn). Alt slipp av vatn vil forgå med botntappeluker, så det må forventast delvis opne elvestrekningar nedstrøms magasinerna.

Ved slipp av vatn tilsvarande 3,75 m³/s ved Drægne bru vil det, pga magasinkapasitet vere behov for slipp frå magasinerna Fivelmyr, Nedre Grønevatn og Medalsvatn. Dette vil føre til at elvane Midtdøla, Nørstedøla, Vetledøla

og Fortunselva vil være fri for is og snødekke heile vinteren. Denne tilstanden er unormal og vil påvirke ferdsel og sikkerheit for 3. person både til fots og med køyretøy langs elvane, spesielt området ved Nørstedalen turisthytte og langs elva nede i Fortundalen er utsatt. Hydro Energi planlegg for informasjon til 3. part med omsyn til dette.

Slipp av vatn tilsvarande 1,75 m³/s ved Drægni bru vil kunne forgå frå Fivlemyr magasin og frå Nedre Grønevatn. Denne vassføringa er meir i samsvar med naturleg vassføring vinterstid for vassdraget og vil ikkje påvirke ferdsel og sikkerheit i det omfang som slipp av 3,75 m³ vil.

- Ved krav om 1,75 m³/s vil dette omfatte hovedløpet mellom Skagen og Fivlemyr samt sideløpet til Nedre Grønevatn.
- Ved krav om 3,75m³/s vil også strekningen frå Medalsvatn til samløp nedstrøms Fivlemyr bli berørt.

Ved å foreta ein prosedyrestyrt reduksjon av effekt (vassføring) ned til «0» i Skagen kraftverk samtidig som vassføring nedstrøms Skagen opprettholdes på 1,75 m³/s er Hydro Energi av den oppfatning at økologiske forutsetninger i elveløp opprettholdes og at sikkerheita for 3. person er betre ivaretatt.

Hydro Energi ber NVE ta stilling til om foreslått vassføring kan aksepteres i omtalt tidsrom.

Med helsing
for Hydro Energi AS

DocuSigned by:
Kristen Johannes Rockland Aarethun
B6022A4526F3439...

04-13-2023

Kristen Rockland Aarethun
Vassdragsteknisk ansvarlig
M: 91862919
E: kristen.aarethun@hydro.com

Vedlegg

- Oversikt på tilsig til nedstrøms Skagen
- Konesjon Fortun
- Skjønn- Rettsbok Fortun-Grandfasta skjønn
- Vannføring Fortunsdalen ved Fortun 1924 – 1925
- vannføring Fortunsdalen ved Fortun 1927 – 1928
- Vannføring Fortunsdalen ved Skagen 1924 – 1925
- Vannføring Fortunsdalen ved Skagen 1927-1928
- Vassføring alle år 1918 – 1956
-

Oversikt på tilsig til nedstrøms Skagen

Må ha tapping frå romjula 24 til 16.04.25, 112dager, + ei veke for å fylla opp elveleie etc tot 119døgn

| | |
|-----------------------------------|-----------------------------|
| Frå nedre Grønevatn | 0,33 m ³ /s |
| Frå Fivlemyr krst | 0,95 m ³ /s |
| Tilsig Bergselva | 0,2 m ³ /s |
| Tilsig Fortunselva | 0,2 m ³ /s |
| Tilsig Fivlemyr mag til overløp | 0,2 m ³ /s |
| Sum vannføring nedstrøm Sk | 1,88 m³/s |
| Utkøyring frå Gravdalsv | 9,768 Mm³ |